



Statens vegvesen - region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 04.04.2014  
Vår ref.: 2014/989-5  
Saksbehandlar: heljoha  
Dykkar ref.:

## Oppdatert leveranseavtale 2014 - etter budsjettendringssak i marstinget (sak8/14) - fylkesveginvesteringar

Fylkestinget handsama saka i marstinget (sak 8/14) «Budsjettendring 2014 – fylkesveginvesteringar». Budsjettendringane gjeld investeringsbudsjettet, drift- og vedlikehaldsbudsjettet er uendra. Etter ein gjennomgang av aktuelle investeringsprosjekt på fylkesvegane, vart det i fylkestinget vedteke nye prosjekt med til saman 33,7 mill kr.

Rundkøyring Florvåg	30,0 mill. kr (inkl. 25 mill. kr i forskott)
Utgreiing fysiske tiltak på Askøybrua	2,0 mill. kr
Fortau Bildøy	0,5 mill. kr
Kollektivterminal på Voss	1,2 mill. kr

I tillegg vedtok fylkestinget etter ein gjennomgang av programområdetiltaka (Hordaland og Bergensprogrammet) å rebudsjettera midlar på til saman 42,5 mill kr. I budsjettet for 2014 vart det sett av 10 mill kr, slik at tilleggsøyvinga i marstinget er på 32, 5 mill kr. I budsjettsaka vart og totalramma for Askøypakken auka til 102,5 mill kr og rassikringsmidlar vart auka med 27 mill kr.

Vedlagt følgjer oppdatert oversikt over vedteke løyvingar 2014, og ei spesifisert oversikt over endringane innafør programområdetiltaka i Hordaland og Bergensprogrammet.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

John Martin Jacobsen  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*